



Marianne Husebø  
Kjedalen 2  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2894 - 17/23355

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
21.11.2017

## Godkjenning - GBNR 54/42 - Løyve til oppføring av garasje - Husebø

### Administrativt vedtak. Saknr: 315/2017

**Tiltakshavar:** Svein Åge Gundersen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Svein Åge Gundersen har søkt om løyve til oppføring av garasje på gbnr. 54/42, Husebø.

Den omsøkte eigedomen er matrikkelregistrert med eit areal på om lag 1,5 daa, og Marianne Husebø står registrert som eigar. Husebø har gjeve tiltakshavar fullmakt til å søkje om tiltaket. Eigedomen er frå før av bebygd med ein bustad med eit bruksareal (BRA) på 100 m<sup>2</sup>. Det omsøkte tiltaket vil ha eit BRA på 50 m<sup>2</sup> og eigedomen vil då samle vere bebygd med 150 m<sup>2</sup> BRA. Dette utgjer 176 m<sup>2</sup> bebygd areal (BYA), som ligg innanfor kravet til maksimal utbygging på 30% BYA i føresegn 1.6.14 til kommuneplanen sin arealdel (KPA).

Det vert vist til søknad med vedlegg, journalført motteke 13.11.2017.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3, og det er ikkje kome merknadar til tiltaket.

### VURDERING:

#### Lov- og plangrunnlag:

Oppføring av garasje på inntil 50 m<sup>2</sup> BYA/BRA er ikkje søknadspliktig dersom mønehøgda ikkje overstig 4 meter og gesimshøgda ikkje overstig 3 meter, jf. byggjesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 bokstav a), jf. pbl § 20-5

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

bokstav a). Ettersom mønehøgda i dette tilfellet er over 4 meter, er tiltaket søknadspliktig etter SAK10 § 3-1 bokstav b), jf. pbl § 20-4 bokstav a).

Oppføringa må vere i samsvar med plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter, samt gjeldande planar, jf. pbl § 1-6 andre ledd.

Den omsøkte eigedomen er uregulert og satt av til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF) med spreidd byggeområde (SB\_22) for einebustadar, jf. føresegn 3.2.3 tabell 7 til KPA. Oppføring av garasje i samsvar med eksisterande bruk kan dermed tillatast utan at det må søkjast om dispensasjon frå LNF-formålet, jf. føresegn 3.2.1 til KPA. Oppføring av garasje på eigedomen er dermed i samsvar med gjeldande planar, jf. pbl § 1-6 andre ledd.

Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne byggverket si plassering, medrekna høgdeplassing, og byggverket si høgd.

Garasjen er oppgjeve med gesimshøgd på 2,05 meter og mønehøgd på om lag 4,98 m, og med ein avstand til nabogrensa på om lag 2 meter. Omsøkt høgd og plassering er dermed i samsvar med pbl § 29-4 første og andre ledd.

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Kommunen finn at tiltaket stettar krava til utforming, funksjon og utsjånad i pbl §§ 29-1 og 29-2.

Utnyttingsgrad:

Tiltaket er i samsvar med gjeldande krav til utnyttingsgrad i føresegn 1.6.14 pkt. 4 til KPA.

**VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til oppføring av garasje på gbnr. 54/42 som omsøkt. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Utforming skal vere som vist på fasade-, snitt- og planteikningar, journalført motteke 13.11.2017.*

*Garasjeloftet skal ikkje nyttast til varig opphald.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn tre år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut ifrå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart.pdf  
Teikningar.pdf

**Mottakarar:**

|                     |            |      |          |
|---------------------|------------|------|----------|
| Marianne Husebø     | Kjedalen 2 | 5918 | FREKHAUG |
| Svein Åge Gundersen | Kjedalen 2 | 5918 | FREKHAUG |